

Kulturvernnettverk Vestland

SAMLE, DELE OG LØFTE LEVANDE KULTURVERN I VESTLAND
Handlingsplan 2025-2026





Over 50.000 frivillige eldsjeler i meir enn 260 lag, foreiningar og samlingar, tek vare på kulturarven i Vestland fylke. Oppstarten av Vestland Kulturvernnettverk vart støtta av Vestland Fylke, Riksantikvaren og Kulturdepartementet. Kulturvernforbundet tok initiativet.

- Kulturvernorganisasjonane er dei største aktørane på kulturarvfeltet med rundt 270 000 medlemmer totalt, og rundt 2600 lokallag. I Vestland har vi registrert meir enn 260 lag og samlingar med over 50.000 medlemmer.
- Nasjonalt bidreg frivillige årleg med over 7 millionar timar. Det svarar til ein verdiskaping på over 2 milliardar kroner.
- Arbeidet som det frivillige kulturvernet legg ned har ein enorm betydning for å ta vare på kulturarven og halda den levande. Kulturarven er uerstatteleg, forsvinn den, så er verdiene og kunnskapen borte for alltid.
- **KULTURVERNNETTVERKET:** Saman driftar vi båtar, skapar husflid, restaurerer hus, skriv lokale årbøker, samlar minne, bidreg til arkeologiske funn, lagar mat, fører vidare dans og spel - og mykje meir. Frivillig kulturvern i Vestland har no fått ei felles stemme. Konstituerande årsmøte for Vestland Kulturvern-nettverk var 27. oktober 2024. Kulturvernforbundet organiserte oppstarten og har lagt til rette ved å tilsetja regionkoordinator for Vestland. No er tida komen for utvikling og å samla heile det frivillige kulturvernet. Målet er fast drift som uavhengig organisasjon frå 2026.

Driftstilskot koordinering og utvikling

Etablering av regionale nettverk for frivillig kulturvern skal samle og koordinere arbeidet for kulturarven. Driftstøtta legg grunnlaget for å utvikle prosjekt med eigen økonomi. Vestland Kulturvernnettverk vil styrke rolla til det frivillige kulturvernet og gi ei felles stemme inn mot kommunar, fylket, musea, arkiv, reiseliv og politikk.

FELLES STEMME

Vestland Kulturvernnettverk skal utvikle prosjekt, skape møteplassar, skrive søknadar og jobbe politisk. Vi skal styrke rammevilkåra til det frivillige kulturvernet og vere eit korrektiv og støttespelar i regional kulturpolitikk. Saman kan vi søkja tilskot i regionale og nasjonale ordningar til prosjekt, formidling, seminar, arrangement og kurs i heile fylket.

Vestland Kulturvernnettverk skal arbeide for å styrke det frivillige kulturvernet si rolle i Vestland fylke ved å:

- Auke kjennskapen til, og interessa for historie og kulturarv
- Støtte arbeidet for dokumentasjon, bevaring, bruk og formidling av kulturarv
- Skape betre rammevilkår for kulturvernet lokalt og regionalt
- Skape møteplassar og samarbeid
- Vere høringinstans for det frivillige kulturvernet



VÅRT BIDRAG TIL KULTURPLAN, VESTLAND FYLKE

- Samarbeid om, og formidling av, kulturstatistikk og - kunnskap om Vestland.
- Lansering av kunnskapsportalen Kringom. Det frivillige kulturvernet sit med kunnskap og erfaringar til artiklar.
- Kartlegginga av bevarte privatarkiv i Vestland, etablering av verdsarsenter, fellesmagasin, arkiv, formidlingssenter og bygningsvernsenter, vil involvera det frivillige kulturvernet både på eigarsida og i praktisk arbeid.
- Sluttføringa av arbeidet med kunnskapsgrunnlag om regionale kulturmiljøinteresser, samordning av kulturmiljø- og klimadata og nasjonalt og internasjonalt kunnskapsarbeid knytt til verdsarven i Vestland, må involvera frivillig kulturvern.
- Utarbeide kunnskapsgrunnlag om folkemusikk som grunnlag for politikkutforming. Nettverket kan tilføra perspektiv og idear.
- Vidareutvikle arbeidet med tradisjonelle handverk og anna immateriell kulturarv. Kartfeste ro- og padleruter, i samarbeid med kommunane, friluftsråda og andre relevante aktørar. Frivillig kulturvern må med.
- Utvikle kunnskapsgrunnlag for festivalar som grunnlag for politikkutforming. Noregs største kulturarvfestival er Kulturverndagane første veka i september kvart år.
- Saman rår frivillig kulturvern over unik og imponerande kunnskap og kompetanse, kombinert med entusiasme, vilje og tålmod til å bruke utallege dugnadstimar og private midlar. Dei frivillige ber levande kulturarv og det immaterielle perspektivet av kulturarven.

Lokal stadsutvikling og verdiskaping



- Årsplan for 2025 peiker på: «Som ein leiande region må Vestland leggja til rette for at det skal vere enkelt å driva frivillig kulturvern i fylket». Det vert understreka at gode nettverk, klyngjer og arenaer for samhandling er ein føresetnad for å lykkast. Eit mål er å bidra til å «Styrkja dei regionale paraplyorganisasjonane på kulturfeltet, og støtte oppretting av nye, t.d. for kulturvern».
- Vestland Kulturvernnettverk meiner at frivillig kulturvern styrkar kulturbasert verdiskaping i Vestland, både som eigalar og som berarar av levande immateriell kulturarv. Gjennomgangen av tilskotsforvaltning og politisk handlingsrom på kulturområdet, må involvera frivillig kulturvern på linje med anna kunst og kultur.

NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR OG PLANAR

Etableringa av Vestland Kulturvernnettverk er forankra i ein rekke nasjonale og regionale mål og strategiar. Ønsket om utvikling i 2025 og fast drift frå 2026, svarar på den nye regionale kulturpolitikken.

- Regjeringa sin strategi for kulturfrivilligeheit ("Rom for deltaking" 2023): «Regjeringa vil støtte opp under regionale initiativ for skiping av samarbeidsorgan på kulturområdet»
- Nasjonale mål om engasjement, berekraft og mangfald (Meld. St. 16 (2019-2020)): «Alle skal ha høve til å engasjera seg og ta ansvar for kulturmiljø».
- Krafta til kulturen — Kulturpolitikk for framtida. Meld. St. 8 (2018-2019): «Overordna kulturpolitiske mål: Eit fritt og uavhengig kulturliv som tek vara på og formidlar kulturarv.... tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap.

- Hurdalserklæringa: «Regjeringa vil bidra til å samla og koordinera sektoren og støtte den frivillige innsatsen, som er heilt avgjerande på feltet»
- Frivilligstrategien til Riksantikvaren (2022): «Det er eit behov for større grad av samordning på området»
- Bergen er kulturhovudstaden i Vestland. Planen for museum og frivillig kulturvern 2022-2031 peikar på at: Kulturarven blir gitt eit løft. Bergen skal vera ei drivkraft, og skal tilby kunnskap, kunst og kultur for heile regionen og skal invitera til samhandling og deltaking». «Museum og frivillig kulturvern skal dele kunnskap om fortida og skape engasjement i samtida, fundert på berekraft, mangfald, digitalisering, relevans og immateriell kulturarv.

Bevare kulturarven for fellesskapet

- Koordinering i sektoren og støtte til den frivillige innsatsen for kulturarv er sentral del av den nye nasjonale frivilligpolitikken. Den skal sørja for eit fritt og uavhengig kulturliv som tek vara på og formidlar kulturarven. Riksantikvaren understrekar etablering av gode møteplassar, kompetanseheving og å styrkja samarbeidet med det frivillig kulturvernet.
- Bevaring av kulturarv er avhengig av samspel mellom forvaltning i fylkeskommune og kommunar, musea og eldsjelene i lokale lag, organisasjonar og samlingar. Tilrettelegging for direkte involvering av det frivillige kulturvernet, gir «folka som vernar» ein tryggleik til å ytra seg, dela idear og samarbeida for kreative og nyskapande verksemد.



Kunnskapsdeling

NETTVERK FOR ALLE

Vestland Kulturvernnettverk er ei ny felles stemme, ikkje ein paraplyorganisasjon. Både lokale og regionale avdelingar skal vera med å danna nettverket. Alle lag, organisasjonar og samlingar for frivillig kulturvern i Vestland fylke, også om laget/foreininga ikkje er medlem i ein nasjonalforeining tilknytta til Kulturvernforbundet, skal vere med. Vi ønskjer og uorganiserte miljø velkomen med i nettverket. Medlemskapen er gratis.



STOR BREDDE

Kulturvernorganisasjonane deltek i heile bredda av kulturvern. Det frivillige arbeidet ligg under fleire departement sitt sektoransvar:

- Fysiske kulturminne og kulturmiljø blir forvalta av Klima- og miljødepartementet.
- Bevegelege kulturminne ligg i Samferdselsdepartementet
- Mat- og drikketradisjonar er under Landbruks- og matdepartementet.
- Immateriell kulturarv blir forvalta av Kultur- og likestillingdepartementet.



REKRUTTERING

Vi ser eit stort behov for å kartleggja korleis frivillig kulturvern rekrutterar unge til kulturområdet. Vi vil vita kva som har fungert/ikkje fungerar. Ny kunnskap om rekruttering blir ein gevinst for heile kulturfeltet og gir god sosial ringverknad for unge. Vi ønskjer å knyta kunnskapen til forskingsprosjekt som kan finna mekanismar og rammar som er viktige for unge i heile kulturområdet.

FAGMILJØ

Vi vil styrkja dei frivillige fagmiljøa og klyngane som tek vare på, systematiserer og utviklar kunnskap om kulturvern. Nettverket vil styrkja samordning og deling av kunnskap om kulturmiljø på tvers av fagfelt, organisasjonar og i samarbeid med heile det frivillige og profesjonelle kulturfeltet. Kulturvernet er ein viktig ressurs i lokal og regional stadsutvikling og planlegging.

STØTTE SPELAR

Endeleg! 27. oktober 2024
fekk frivillig kulturvern i
Vestland eit regionalt
nettverk slik som resten av
kunst- og kulturlivet og
idretten. Medlemmene vil
gjere synleg spørsmål som
er avgjerande for kultur-
arven i fylket. Vi vil gi felles
stemme til politikk, skapa
aktivitet, byggja samfunn
og demokrati slik at heile
kulturvernet kan ta del
utan omsyn til storleik,
status og bakgrunn.



KOMMUNIKASJON


Vi vil dela kunnskap om det frivillige kulturvernet, slik at alle får informasjonen dei treng for å bli medlemmer. Prosessar skal følgjast opp gjennom utstillingar, foto og film. Medlemmene bidreg sjølv med innhaldet. Nettstader må bli kjende. I samarbeid med museum, arkiv, fylke og kommunar skal det frivillige bidraget vere synleg i mediaoppslag.



KOORDINERE

Utveksling av erfaringar på tvers av kommunegrensene, mellom einskilde kulturaktørar, kulturinstitusjonane, paraplyorganisasjonane og faglege nettverk.

Kompetanseheving



KARTELGGING

Etableringsåret, 2024, tok vi kontakt med alle paraply-organisasjonane, kommunane og brukte frivilligregisteret for å kartleggja det frivillige kulturvernet. Dermed kan vi senda ut informasjon og har fått på plass eit kart over heile det frivillige kulturvernet. Oversikta ligg på sida til nettstaden for Vestland kulturvernnettverk: kulturvern.no/vestland

Samarbeid

- Vestland Kulturvernnettverk er medlem i Samarbeidskomiteen for frivilligeheit i Vestland og sit i styret for Vestland Kultukrets.
- Vi er etablerte som høyringinstans. Vestland fylke har involvert oss til møter for utvikling. Vi får taletid, til dømes på det årlege møtet i fylket med musea og møtet for eigarar av fartøy.
- Fleire av medlemmene er etablerte nettverk som ønskjer samarbeid, til dømes Bergen Historiske Festival, Voss Kunst og Kultur og Fjordkysten regional- og geopark.
- Profesjonelle museum, arkiv, fartøyvernsentere og andre som jobbar for kulturarven, er viktige både som arena for regionale møter og i utviklinga av kulturvernet. Vi har no dialog med museum i heile fylket. Dei ønskjer fornying av samarbeidet med det frivillige feltet. Prosjekt om museumsmetodikk for det frivillige kulturvernet er eit ønske. Her skal vi jobba med å ta i bruk kompetansen som blir teken vare på av «folka som vernar i vest».
- Det frivillige kulturvernet i Vestland skal få høve til å planleggja og leggja til rette for innspela sine til Riksantikvarens bevaringsstrategi for kulturmiljøet til kysten.
- Vi vil leggja regionale samlingar og årsmøte til etablerte miljø og arrangement. Konstituerande årsmøte 2024 var samstundes med Bergen historiske festival. Bergen Sjøfartsmuseum var vertskap og samarbeidspart.
- Vi utviklar arbeidet gjennom allereie etablerte nettverk i Vestland og nasjonalt gjennom Kulturvernforbundet.

MANGFALD OG TILHØRIGHET

I vedtektena gjer vi klart at mangfold er føresetnad for aktivitet og deltaking: §2.2: «Som medlem i nettverket respekterer vi kvarandre og anerkjenner at alle personar har rett til å ta del i det kulturvernet dei sjølv vel. Medlemmene skal respektera verdien av kulturarv, uavhengig av nasjonalitet, etnisk opphav, religion, livssyn, legning, leveform, orientering eller funksjonsevne».

MØTE KVARANDRE I KULTURVERNET

- **Vestland Musikkråd:** Levande kulturarv musikk og dans.
- **Vestland idrettskrets:** Idrettshistorie, utstillinger ved historielag og Vollyballmuseet i Førde.
- **Vestland innvandrarråd:** Større deltaking, dokumentasjon av historia.
- **Vestland frivilligsentralar:** Utvikle etablert aktivitet og koordinering.
- **Voksenopplæringsforbundet Vestland:** Kulturvernforbundet er med i Studieforbundet kultur og tradisjon. Samarbeide om kurs og studieplanar.
- **Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) Vestland Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) Sørvest og Nordvest:** Betre tilgangen til kulturarven. Nettstadar og søk skal ha universell utforming.
- **Forum for natur og friluftsliv Hordaland og Sogn og Fjordane:** Kystkultur og vern av landskap, stiar, ferdselsårar og gamle buplassar.



«Kulturvernets hus»

Vestland treng eit «Kulturvernets hus» i Bergen. Vi ønskjer oss felles møtestad med universell tilrettelegging, gjerne i eit kulturhistorisk miljø. Møteplassen skal skapa tettare samarbeid om både små og store prosjekt, utveksling av kompetanse og gjensidig støtte. Heile det frivillige kulturvernet i Vestland skal ha gratis bruk av møterom og infrastruktur. Vi vil følgja opp tenester for digitalisering, skapa mangfald og berekraft. Det kan hende vi må på flyttefot nokre gonger før vi lander på rett stad. Forprosjekt er eit steg på vegen.

I planane til Bergen kommune skal kulturarven givast eit løft. Bergen skal vera ei drivkraft, og skal tilby kunnskap, kunst og kultur for heile regionen og skal invitera til samhandling og deltaking. Det skal stimulerast til styrkt samarbeid. Museum og frivillig kulturvern skal dela kunnskap om fortida og skapa engasjement i samtida, fundert på berekraft, mangfald, digitalisering, relevans og immateriell kulturarv.



Økonomi

Organiseringa av økonomien til Vestland Kulturvernnettverk fram til 2027, blir basert på eit samspel mellom politiske bevilgningar til kulturvernskoordinator frå Vestland fylke, støtte til «Kulturvernets hus» frå Bergen kommune og samarbeid med det profesjonelle gjennom regionale kulturfond og søknadar om tilskot til enkeltprosjekt.

Kulturvernforbundet sentralt held i den Nasjonale økonomien for utvikling av regionale kulturvernnettverk, støtta av Riksantikvaren og Kulturdepartementet. Vestland er ein av pilotane. Arbeidet vi gjer får nasjonal overføringsverdi. Målet er at frivillig kulturvern i heile Noreg blir styrkt.

REGIONALE KULTURFOND

Dei nye ordningane for tilskot er, som etableringa av regionale Kulturvernnettverk, eit resultat av ny kulturpolitikk:

«Tiltaket blir knytt til eit overordna mål om at kulturpolitikken til regjeringa skal støtte opp under eit ope, inkluderande og mangfoldig kulturliv i heile landet og leggja til rette for samspel mellom den profesjonelle og den frivillige kulturen.»



DRIFTSBUDSJETT

INNTEKTER 2026	NOK
Vestland Fylke regionale kulturfond	kr 350 660
Vestland fylkeskommune drifttilskot	kr 705 323
Prosjekt med eiga økonomi i tillegg	
SUM	kr 1 055 983

UTGIFTER 2026	NOK
60% stilling Kulturvernskoordinator	kr 550 323
Godtgjering utgifter for styret og andre	kr 100 000
Honorar Koordinator databaseprosjekt	kr 100 000
Støtte til lag for regionmøter	kr 50 000
Fem regionale samlingar	kr 75 000
Fysisk årsmøte	kr 30 000
Kontor, digitale rom og programvare	kr 35 660
Marknadsføring (aukast ved prosjekt)	kr 15 000
Reise	kr 100 000
Fleire prosjekt er under utvikling	
SUM	kr 1 055 983

- styre og regionkoordinator
- vedtekter - gratis å bli med
- rekruttere medlemmer
- google maps med 260 lag
- database medlemmer
- grafisk og logo
- kulturvern.no/vestland
- økonomi og tilskot v/ Kulturvernfbundet
- pilot i nasjonal utvikling av kulturvernnettverk



- kulturverndagane 2025
- regionmøter hos etablerte nettverk
- partnerskap med fylket
- kunnskap frå kommunane
- engasjere musea og det profesjonelle kulturvernet
- verdiskaping med Riksantikvaren
- sponsorar, fond for tilskot



- felles stemme i høyringer, utvikling og politikk
- marknadsføring
- felles kunnskapsdatabaser
- forprosjektering «Kulturvernets hus»
- kystens kulturmiljø med riksantikvaren
- søke tilskot til drift
- visjon og handlingsplan
- hjelpeføl /FAQ /startup



- sjølstendig organisasjon
- rekruttering, barn og unge
- kunnskap og forskning
- styrking av frivillige på musea
- «Nettbutikk» for deling av varer, arrangement og tenester. Database for idear, tips og moglegheiter. Database for kulturverngjenstandar
- regional konferanse
- plan for bærekraft og mangfold
- 100% kulturvernkoordinator
- politisk støtta drift hos fylket og Bergen kommune



- utvikling av «Kulturvernets hus» i vestlandets kulturfjord Bergen
- faste regionale punkt
- etablerte arrangement som årsmøter, store stevner og konferansar
- kulturverndagane 2026
- nettstad/SOME/synleg i media
- kurs og nettverksmøter
- dialog på tvers av tradisjonelle strukturar.
- Tilhøre eit unikt nettverk der brennande engasjement for kulturvern, materielt eller immaterielt blir møtt med forståing og heiarop!

samle, dele og løfte heile det levande kulturvernet i Vestland

KULTURVERNKOORDINATOR

Lyst til å vite meir eller fortelje om ønsker?
Ta kontakt med regionkoordinator for Vestland

Inger Christine Årstad
mob: 92256277
vestland@kulturvern.no

kulturvern.no/vestland
Organisasjonsnummer 833773372



VESTLAND KULTURVERNNETTVERK STYRE 2024/2025

STYRELEDER: Klaus Edler (Gloføykje Metallsøkerforening) frå Nordfjord. Ta gjerne kontakt for ønsker og deling av utfordringar: Tlf. 980 18 145

Astrid Larsen (Norsk Fyrforkening) frå Stord i Sunnhordaland

May Britt Øydvin (Voss Kunst og Kultur) frå Voss

Magnar Skålevik (Bømlo Kystlag) frå Bømlo

Thomas Due Sivertsen (Bergen kystlag) frå Bergen

VARA: Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim (Jakob Sande-selskapet) frå Fjaler

 **Kulturvernnettverk
Vestland**